

## Melding om uskifta bu

(Søknad om uskifteattest frå attlevande sambuar)

Dette skjemaet gjeld for uskifte på grunnlag av sambuarskap der sambuarane har, har hatt eller ventar felles barn. På siste sida av skjemaet finst ei kort orientering. Retten kan òg gi rettleiing.

Til tingretten/byfutembetet

### Opplysningar om avlidne

Fullt namn	Fødselsnr. (11 siffer)	Dødsdato
Bustadadresse	Postnr.	Poststad
Sivilstand <input type="checkbox"/> Ugift <input type="checkbox"/> Skild <input type="checkbox"/> Enke/Enkemann    Dersom avlidne var enke/enkemann eller attlevande sambuar, fyll ut felte nedanfor:		
Namnet til avliden ektefelle/sambuar	Fødselsdato	Dødsdato
Sat avlidne i uskifta bu etter ein før avliden ektefelle eller før avliden sambuar? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		

### Opplysningar om attlevande sambuar

Det er rekna som sambuarskap om to personar over 18 år, som verken er gifte, registrerte partnarar, eller sambuarar med andre, lever saman i eit ekteskapsliknande forhold.

Fullt namn	Fødselsnr. (11 siffer)	Telefonnr.
Bustadadresse	Postnr.	Poststad
Sivilstand <input type="checkbox"/> Ugift <input type="checkbox"/> Skild <input type="checkbox"/> Enke/Enkemann		
Sit attlevande sambuar sjølv allereie i uskifta bu etter ein før avliden ektefelle eller før avliden sambuar? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
<b>Dersom attlevande sat i uskifta bu, må dette eventuelt skiftast først.</b>		

### Opplysningar om andre arvingar etter avlidne

Dersom avlidne etterlet seg testament, set kryss her  og legg ved testamentet.

Her fører ein opp arvingar etter avlidne. Vanlegvis vil det vere sambuarane sine felles barn eller barnebarn osv. som blir førde opp her. Særskilde livsarvingar skal førast opp i neste rubrikk. Attlevande sambuar skal førast opp i rubrikken over.

#### Arvingar etter avlidne (gi òg opp eventuelle verjer)

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avlidne

#### Avlidne etterlet seg følgjande særskilde livsarvingar (gi òg opp eventuelle verjer)

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avlidne

Dersom du ikkje får plass til alle arvingane kan du halde fram på eige ark.

## Uskifte med særskilde livsarvingar etter avlidne

Attlevande sambuar har ikkje krav på å sitje i uskifte med særskilde livsarvingar etter avlidne. Dersom særskilde livsarvingar ikkje samtykkjer i uskifte, må det skiftast med desse. Arven til livsarvingane blir rekna av den samla nettoformuen til avlidne. For umyndige særskilde livsarvingar er det ev. krav om samtykke frå overformyndieriet.

## Opplysningar om buet

Attlevande sambuar skal gi ei summarisk oppgåve over dei eigedelane som skal omfattast av uskiftebuet. Også dei andre eigedelane til avlidne, som skal skiftast, og attlevande sambuar sine eigedelar som han eller ho held utanfor uskiftebuet skal først opp for å kunne fastsetje verdiforholdet mellom eigedelane til avlidne og til attlevande sambuar.

Eigedelar eller eigardelar som tilhøyrrer attlevande sambuar går inn i uskiftebuet når dei høyrer naturleg saman med avdøde sine eigedelar i uskiftebuet. Døme: Dersom avlidne sin eigardel i ein fritidseigedom går inn i uskiftebuet, gjer også den attlevande sin del det. Utbetaling av livsforsikring går vanlegvis ikkje inn i uskiftebuet.

Før opp salsverdien av eigedelane. For eigedelar i sameige skal verdien delast mellom sambuarane sine eigardelar. Salsverdiar blir oppgitt etter overslag eller takst. Rund gjerne av til næraste heile 10 000 eller 100 000 kroner der det er naturleg. All gjeld blir ført til frådrag i uskiftedmlane.

Eigedelar (aktiva)	Inngår ikkje i uskiftet	Inngår i uskiftebuet		Inngår ikkje i uskiftet
	Eigedelar til avlidne	Avlidne sin eigedel eller part	Attlevande sin eigedel eller part	Attlevande sine eigedelar
Felles bustad				
Fritidseigedom til felles bruk				
Andre eigedomar				
Innbu og lausøyre til felles bruk				
Anna innbu og lausøyre				
Bil til felles bruk				
Båt, andre kapitalgjenstandar				
Bankinnskott				
Aksjar, delar i aksjefond				
Utbetaling av livsforsikring				
Anna formue eller verdiar av betydning				
<b>Sum formue</b>				
<b>Gjeld</b>		Avlidne sin del	Attlevande sin del	
<b>Sum gjeld</b>				
<b>Nettoformue</b>				

## Samtykke til uskifte med særskilde livsarvingar

Underteikna myndige særskilde livsarvingar samtykkjer i at attlevande sambuar tek over dei eigedelane/eigardelane i uskifte som følgjer av rubrikken over.

Stad og dato	Underskrift	Underskrift
Stad og dato	Underskrift	Underskrift

### For overformyndieriet

For umyndige særskilde livsarvingar samtykkjer overformyndieriet i at attlevande sambuar tek over dei eigedelane/eigardelane som følgjer av rubrikken over.

Stad og dato	Overformyndieriet sitt stempel og underskrift
--------------	---

### Avtale om verdiforhold

Den attlevande sambuaren og arvingar som ikkje mottek fullt arveoppgjer no, bør inngå avtale om verdiforholdet mellom avdøydde og attlevande sambuar sine egedelar i uskiftebuet.

Ved utrekninga av verdiforholdet skal all gjeld etter avlidne og attlevande sambuar gå til frådrag i deira respektive delar av formuen i uskiftebuet.

Ein tilrår at avtala òg omfattar eventuelle egedelar som attlevande eig utanfor uskiftebuet.

Alle arvingar som attlevande sambuar skal sitje i uskift bu med, må underteikne avtala i tillegg til attlevande sambuar.

Verje/setjeverje underteiknar for umyndige arvingar.

#### Avtale om verdiforhold og arveoppgjer

Ved eit framtidig skifte skal	%	av heile buet (uskiftemidlane og attlevande sambuar sine midlar utanfor uskiftebuet)
sjåast på som avlidne sin del, og	%	sjåast på som attlevande sin del.

Egedelar som tilhørde avlidne og som ikkje skal inngå i uskiftebuet, skal skiftast med ein gong. Verdien av dette er ikkje omfatta av avtala om verdiforhold. Attlevande sambuar og arvingar har inngått avtale om skifte av egedelar som ikkje inngår i uskiftebuet.

Stad og dato	Underskrift	Underskrift
Stad og dato	Underskrift	Underskrift

### Erklæring om arveoppgjer før uskifte

Eg/vi arvingar etter avlidne erklærer at vi har motteke arveoppgjer/inngått bindande avtale om fullt arveoppgjer og såleis ikkje har meir å krevje i buet etter avdøydde.

Stad og dato	Underskrift	Underskrift
Stad og dato	Underskrift	Underskrift

### Setjeverje

Dersom avlidne og attlevande sambuar hadde felles umyndige livsarvingar, må attlevande kontakte overformynderiet for å få oppnemnt setjeverje før avtala kan underteiknast.

### Andre opplysningar

Særskilde livsarvingar av avlidne som ikkje samtykkjer i uskifte, har krav på fullt arveoppgjer for seg. Før uskifteattest blir utskreven, bør særskilde livsarvingar gi erklæring om at dei har fått arven, eller har inngått bindande avtale om skifte av den. Andre arvingar som får fullt arveoppgjer, kan òg gi ei slik erklæring.

### Plass for tilleggsopplysningar (kan òg skrivast på eige ark)

### Erklæring frå attlevande sambuar

Så langt eg kjenner til, er opplysningane ovanfor rette og uttømande.

Eg stadfester at avlidne og eg var sambuarar ved dødsfallet.

**Eg søker med dette om å få utskrive uskifteattest. Eg er kjend med at eg ved å overta avlidne sitt bu heilt eller delvis i uskifte, blir personleg ansvarleg for avlidne si gjeld og andre plikter innanfor lova sine rammer.**

Stad og dato	Underskrift
--------------	-------------

## Kort orientering til attlevande sambuar

Reglane for arv og uskifte for sambuarar i arvelova kapittel IIIA (§§ 28a – 28g) gjeld frå 1. juli 2009.

Attlevande sambuar som har, har hatt eller ventar barn med avlidne, har rett til å overta visse eigedelar (aktiva) i uskifte. Etter lova omfattar uskifteretten felles bustad og innbu, bil og fritidseigedom med innbu som tente til felles bruk for sambuarane.

Den lovbestemte uskifteretten for sambuarar kan på visse vilkår anten vere utvida eller innskrenka ved testament. Uskifteretten kan dessutan utvidast ved samtykke frå arvingane. Dersom avlidne hadde særskilde livsarvingar (særkullsbarn), kan dei krevje særskilt arveoppgjer.

Dersom uskifteretten blir nytta, blir attlevande sambuar ansvarleg for gjeld etter avlidne, også for eventuell gjeld som ikkje er knytt til eigedelane i uskiftebuet.

Alt som attlevande sambuar er eigar av, eller blir eigar av, og som høyrer naturleg saman med dei eigedelane han eller ho overtek i uskifte, går inn i uskiftebuet.

Dersom avlidne sat i uskifta bu etter ein før avliden ektefelle eller sambuar, må dette uskiftebuet skiftast før attlevande sambuar kan krevje å få overta avlidne sine eigedelar i uskifte. Tilsvarande gjeld dersom attlevande sambuar sjølv allereie sit i uskifta bu etter ein før avliden ektefelle eller sambuar.

Dersom attlevande sambuar skiftar med arvingane, arvar han eller ho fire gonger grunnbeløpet i folketrygda. Arveretten kan på visse vilkår vere utvida eller innskrenka ved testament.

Sambuarar som ikkje har, har hatt eller ventar barn saman, har ikkje rett til uskifte. Uskifterett kan ikkje givast ved testament.

Før attlevande sambuar krev uskifte, bør han eller ho nøye vurdere om dette er den mest føremålstenlege løysinga. Kva som vil vere til fordel for den enkelte, avheng av ei rekkje forhold, blant anna verdien av de eigedelane som skal gå inn i uskiftebuet og storleiken på gjelda, og den attlevande sambuaren sin alder og inntektsforhold.

Dersom attlevande sambuar inngår nytt ekteskap, mister han/ho retten til å sitje i uskifte. Dersom attlevande sambuar inngår nytt sambuarskap, kan arvingane krevje skifte når sambuarskapet har vart i meir enn to år eller sambuarane har, har hatt eller ventar barn saman.

Ei meir utfyllande orientering om attlevande sambuar sine rettar etter arvelova finst på eigne nettsider om arv under [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no). Tingretten/byfutembetet kan òg gi nærare rettleiing.